

Referat frå årsmøte i NOLUG

Tid: 9. juni 2011

Stad: Høgskolen i Oslo, Pilestredet 48, rom S141

Tilstades: 8 medlemmer

1. Konstituering

Jofrid Holter vart vald til møteleiar og Synnøve Ulvik til referent.

2. Årsmelding

Jofrid Holter la fram årsmeldinga. Det går mellom anna fram av den at talet på personlege medlemmer har gått litt ned, medan talet på institusjonsmedlemer har auka.

Årsmeldinga var godkjent utan kommentarar.

3. Økonomi

Rekneskapen vart godkjend.

Sidan foreininga også i år hadde hatt eit overskot, og eigenkapitalen hadde auka, foreslo Jofrid Holter at det kunne utlysast reisestipend for foreininga sine medlemmer, til konferansane London Online og/eller Internet Librarian.

AU sitt budsjettframlegg for neste år vart vedteke. Det er inga endring i kontingentsatsane, og for neste år gjeld følgjande satsar:

- Kr. 50 for studentar og pensjonistar
- Kr. 100 for personlege medlemmer
- Kr. 200 for bedrifter/institusjonar, der medlemskapen omfattar inntil to personar
- Kr. 500 for bedrifter/institusjonar der medlemskapen omfattar tre personar eller fleire

4. Val

Beate Heilemann la fram innstillinga til valkomiteen.

For perioden 2011/2012 har arbeidsutvalet følgjande medlemmer:

Line Arneberg, Statens arbeidsmiljøinstitutt (attval)

Jofrid Holter, Høgskolen i Oslo, JBI (attval)

Peter Næss, U.S. – Norway Fulbright Foundation (attval)

Even Flood, UB, Trondheim (ikkje på val)

Hanne Elisabeth Strømø, Wikborg, Rein & Co (vald for 1 år)

Revisor:

Synnøve Ulvik, Høgskolen i Oslo, JBI (attval)

Valkomite:

Jan Tore Dahl, Deichmanske bibliotek (attval)

Beate Heilemann, UiO, Det juridiske fakultetsbibliotek (attval)

Eventuelt:

Her vart mogelege møtetema for hausten drøfta. Sidan det faglege møtet i samband med årsmøtet måtte avlysast p.g.a. dårleg påmelding, vil dette temaet bli sett opp att til hausten.

Andre tema som vart foreslått var bibliometri og siteringsindeksar, og mobile medium.

Det var og spørsmål om NOLUG skulle delta med eit seminar på Det norske bibliotekmøtet 2012, dersom tidsfristen for påmelding ikkje var gått ut. Even Flood ville undersøkje mogelege tema.

Synnøve Ulvik

Referent